



Stad kommune

Retningsliner for dei som plukka saman varer:

1. Den frivillige har teieplikt i denne tenesta.
2. Den frivillige bør helst vere uniformert (oransje eller blå Røde Kors vest/beredskapsvest til Sanitetten/anna type uniformering), eller ha med anna form for ID. Dette gjer det lettare for butikkpersonale å kjenne att vareplukkarane.
3. Dei frivillige har lest og forstått den generelle informasjonen om denne ordninga.
4. Det første dei frivillige gjer når dei kjem i butikken er å ta kontakt med butikkpersonale for å informere om at dei er komne for å plukke saman varer til brukarar av denne ordninga.
5. Dei frivillige skal følgje smittevernråda til Helsedirektoratet.
6. God handhygiene skal vere fokus nr. 1 under heile oppdraget!
7. Dei frivillige samarbeider helst 2 og 2 når vare skal plukkast saman.
8. Frivillige skal ha på eingongshanskars når dei plukkar saman varer. Her kan det vere tilrådeleg at ein person les handleliste og trillar handlevogn medan den andre plukkar varer opp i korga.
Eit anna alternativ er at handtaket på handlekorga vert desinfisert før vareplukkarane tek på seg eingongshanskars. Då kan begge plukke varer.
9. Dei frivillige får tilsendt handlelister på sms eller epost. Der vil det også vere informasjon om korleis varene skal betalast og kvar dei skal leverast.
10. Når varene er plukka saman skal dei scannast i kassa, og butikkpersonale hjelper til med å ordne med betalinga. Varer skal betalast/ vere førte på kredittkonto eller oppgjort på anna tilfredstillande måte før dei vert køyrde ut. Dette passar butikkane på.
11. Når varene er scanna skal dei pakkast i handleposar, merkast med namn og leveringsadresse og anten settast på lager for henting av dei som skal køyre ut, eller køyrast ut direkte etter at betaling er ordna.
12. Frivillige skal vere orienterte om kva forsikringsordning som gjeld for dei i denne tenesta.



Stad kommune

Retningsliner for dei som skal køyre ut varer:

1. Den frivillige har teieplikt i denne tenesta.
2. Den frivillige bør helst vere uniformert (oransje eller blå Røde Kors vest/beredskapsvest til Sanitetten/anna type uniformering), eller ha med anna form for ID. Dette gjer det lettare for butikkpersonale å kjenne att køyrarane.
3. Dei frivillige har lest og forstått den generelle informasjonen om denne ordninga.
4. Det første dei frivillige gjer når dei kjem i butikken er å ta kontakt med butikkpersonale for å informere om at dei er komne for å hente varer som skal køyrast ut.
5. Butikken har ansvar for å sjekke at varene er betalte.
6. Dei frivillige skal følgje smittevernråda til Helsedirektoratet.
7. Det skal helst vere 2 personar i bilen ved utkøyring
8. Ved handtering av vareposar skal den frivillige ha på eingongshanskars. Ver nøye med ikkje ta på andre ting enn vareposane. Dersom det er 2 saman er det lurt med ein som handterer posane, og ein som køyer handlevogn opnar bildør eller gjer andre ting.
9. Varene vert køyrde til leveringsadressa. Hender skal spritast før og etter levering. Alternativt kan ein ha eingongshanske på den/dei hendene de ber varene med. Hugs å late opp bildører før ein tek på hanskar/spritar.
10. Gå ikkje inn i hus med varer. Ring på døra, set varene ved døra, snakk med mottakar, hald avstand og unngå fysisk kontakt. Ta ikkje imot noko form for betaling.
11. Frivillige skal vere orienterte om kva forsikringsordning som gjeld for dei i denne tenesta.